

Daud spurv og strikkeovn



STILLER UT I SILOEN: Viel Bjerkeset Andersen er ein av kunstnarane på sommarutstillinga i Seljord.

ALLE FOTO: GUNN KRISTIN AASEN LEIKVOLL

– Sommarutstillinga i Seljord skal ikkje vere vakker.

Gunn Kristin Aasen Leikvoll

gunn.kristin.aasen.leikvoll@varden.no

SELJORD Det forklarar dagleg leiar Karete Roksvåg ved Seljord Kunstläve.

– Samtidskunsten er oppteken av å seie noko. Her er det kvardagslege motiv som alle kan kjenne seg att i, seier ho.

Ein av kunstnarane har til dømes laga eit heilt kjøkken i strikk, for å nemne noko. Roksvåg meiner at alle kan få noko ut av utstillinga.

– Mange går inn i eit galleri med den innstillinga at alt skal vere vakkert. Det skal ikkje vere det. Ein må fristille seg frå den tanken.

Variert

Årets utstilling, som er den 43. i rekkja, har ikkje eitt bestemt gjennomgangstema. Kunstforeininga har i staden vald å syne fram mangfaldet innanfor norsk samtidskunst. I den 1000 kvadratmeter store läven har dei fått rom til 16 kunstnarar, alle med kvar sine utstillingar.

– Her vekslar det mellom det kjølige og velkomponerte til det varme, naive, tilfeldige og humoristiske. Uttrykksformene er òg varierte, alt frå blyanteikningar til performance, seier Roksvåg.

Kjend utstilling

Og sommarutstillinga, den er kjend langt ut over Seljord sine grenser.

– Då eg fortalde kjentfolk i Oslo at eg skulle til Seljord for å stille ut, sa dei: Jasså, skal du vere med på den sommarutstillinga? Eg opplever at utstillinga har eit rykte på seg for god kvalitet, fortel ein av kunstnarane, Gunnhild Bakke.

Roksvåg meiner at blant anna det spesielle lokalet gjer at utstillinga i Seljord greier å skilje seg ut.

– Kunstnarane synest det er spanande å stille ut her. Vi brukar blant anna siloen som utstillingsrom, fortel ho.

Utstillinga opnar 1. juli.




OVN: Frå vandreutstillinga Strikk-masker i samtidskunsten.



GLER SEG: Kunstnar Gunnhild Bakke og dagleg leiar ved Kunstläven Karete Roksvåg.



HUSBROSJER: Camilla Luihn har laga smykker av hus.



CD-KUNST: Gunnhild Bakke har laga denne installasjonen etter inspirasjon frå eit gammalt platecover.



Skravering: Karete Roksvåg (t.h.), dagleg leiar i Seljord kunstforening ser på eit av dei serprege arbeida Nils Martin syner på sommarutstillinga.

Samtidskunst med stor fantasirikdom

Ulike former for samtidskunst pregar sommarutstillinga Seljord kunstforening opnar i kunstlåven i dag. Utstillinga i år syner arbeid av til saman 16 norske samtidskunstnarar.



Figurer: Marit Benthe Norheims seks meter høge «Menneskestillas» er det fyrste ein møter utanfor kunstlåven. Ho har laga 36 ulike figurar. Tysdag var det hektisk montering av arbeidet.

VTB Bjart Schieldrop
bjart.schildrop@vtb.no

Karete Roksvåg, kunstforeningens daglege leiar, seier at utstillinga tek sikte på å syne fram mangfaldet i uttrykksformer som dominerer samtidskunsten.

– I fire høgder i kunstlåven finn me alt frå interaktive installasjonar og performance til blyant-teikningar og måleri, fortel Roksvåg.

Ho meiner at samtidskunsten korkje let seg fange i ein bestemt stilart eller ein bestemt haldning til kunst. Han let seg snarare definere av det motsette; mangfaldet.

– Samtidskunstnaren arbeider like gjerne med teikning som med installasjon eller måleri.

Samtidig kan han like gjerne bevege seg mellom fotorealisme, kjøleg minimalisme eller eit formspråk lånt frå barokken, forklarar Roksvåg.

Sommarutstillinga er variert og gjev eit interessant bilete av kva som skjer innan den norske samtidskunsten akkurat no. Mest alle formspråk og uttrykksformer er representerte. Det gjer at kunstinteresserte som vil vere oppdatert om kva som rører seg i kunsten kan skaffe seg et samla inntrykk ved å vitja utstillinga i Seljord.

Eit farleg rom

Viel Bjerkeset Andersen har mellom anna fått siloen i låven som utstillingsrom. Ho meiner det runde rommet er det beste i heile huset.

– Eg har laga eit interaktivt pro-

sjekt med lyd og ljøs og ein liten gråspurv. Gråspurva er utrydingstruga, og det ligg noko i dette rommet. Siloen er eit farleg rom. Ein kan jo døye der, seier ho.

Kunstnaren fortel at prosjekta hennar beveg seg innanfor eit breidt spekter av materialar og medie, og spenner mellom autonome verk til installasjonar og totale grep.

– Det er gjennomføringa av eit prosjekt frå ideen til fullføringa som er viktig for meg. På den måten får eg utfordre og utvide mi eiga utvikling, seier Viel Bjerkeset Andersen.

Norsk kulturråd og Norske biletkunstnars vederlagsfond støttar arbeidet til Bjerkeset Andersen.

Mangfald i uttrykket

Gunnhild Bakke har basen sin i



Manga teknikkar: Gunnhild Bakke har basen sin i måleriet, men bruker mange teknikkar som mellom anna fotografi.



Silo: Viel Bjerkeset Andersen har siloen i låven som utstillingsrom, og meiner rommet er det beste i helle huset. Ei gråspurv høyrer med i installasjonen hennar.

måleriet. På sommerutstillinga kan me sjå at ho likevel eksperimenterer med dei fleste uttrykksformer. Og ho går ikkje av vegen for å gjere bruk av både utradisjonelle og klassiske teknikkar i arbeida sine.

– Arbeida mine svingar mellom oppbygging og nedbygging, forklarar ho.

I kunstlåven viser Bakke alt frå broderi, skulptur, fotografi, teppecollager og installasjon til tradisjonelt måleri og teikning.

I eitt av romma møter me Nils Martins strengt komponerte arbeider som er noko midt mellom teikning og måleri. Ved hjelp av ein spesielle skraverings-teknikk får han fram stramme sylindforma figurer.

– Eg jobbar i gråsona mellom teikning og måleri, bilete og skulptur og kunsthåndverk og

biletkunst. Skraveringa gjer eg med både pensel, blyant og skalpell på lerret, gips, plast og støypte keramikkobjekt. I arbeida mine forsøker eg å veksle mellom spøk og alvor, frå knyteneven til ei utstrakt hand, fortel Nils Martin.

Individualistar

Menneska sin opplevingsdrift og evne til endring er noko Marit Benthe Norheim seier ho alltid har vore oppteken av. Utanfor kunstlåven har ho bygt opp sitt «Menneskestillas». I ein seks meter høg skulptur har Norheim i alt 36 figurer til disposisjon, men det er ikkje alltid ho brukar alle.


– Eg varierer frå gong til gong. På avstand kan dei støypte figurane oppfatast som einsarta. Når ein kjem nærare innpå dei opplever Individualiteten og korleis skilnadane påverkar tilhøve

mellom figurane, forklarar ho.

Utanom desse fire kunstnarane kan ein sjå verk av Svein Pålsson, Camilla Luhn, Gunhild Vatn, Per Dybvig, Espen Dietrichson og Nils Olav Bøe.

I tillegg syner Seljord kunstforening i sommar to vandreutstillingar; «Bending Water» frå Nasjonalmuseet og «Strikk – masker i samtidskunsten» som syner tekstilarbeid frå Karl Steihaug, Kjersti G. Andvig, Maria Brinch, Siri Berqvam og Margareta Bergmann.

I samband med opninga i kveld skal Liv Reidun Brakstad ha ein performance.



Namn: Monica Somrane
Alder: 39
Yrke: Barnehageassistent
Bur: Vråliosen

Kva er ditt beste sommarminne?
Somrane i Strandheim.

Kva må temperaturen i vatnet vere for at du skal hive deg uti?
Ivi 20 +!

Dersom du skulle kjøpt deg ei t-skjorte med dialektuttrykk, kva skulle det stått?
He du ein pøsi?

Kva er det beste som har skjedd i Vest-Telemark i år?
At vinteren tok slutt.

Kva saknar du i Vest-Telemark/heimkommunen din?
At ordføraren ser litt til Vråliosen.

Kva annan kommune i Vest-Telemark kunne du tenke deg å bu i, og kvifor?
Tokke, fordi det kjennest meir naturleg ...

Kva er draumeoverskrifta di i VTB?
Monica frå Vråliosen takka nei til Hollywood!

Har du eit godt grilltips?
Eigentleg ikkje - jau, vent til grillen er varmt!

Kva vil du bli spurt om?
Og elles?

Kva svarar du?
Jau takk!

Stein Olav Lie

SOMMARGJESTEN

bruk gjerne litt tid inne. Der har Bamble maleklubb sin årlige sommerutstilling.

- Hvis nedbør, har Bamble øl- og nytelsesforening åpen pub der det er mulig å slukke tørsten med musikk. Ei ventepølse eller tre er det også anledning til å få kjøpt,

å være med på driften av arrangementet.

ALLEREDE POPULÆRT

- Dette skal være et alternativ, der de som elsker å spille og syng kan møte publikum på en uformell måte, sier Eek.

ger på høy musikk, vil det kunne pålegges de ansvarlige for de to nye konsertarenaene å dokumentere at lydnivået er innenfor den kommunalt vedtatte støygrensens, og det koster penger.

■■ ROLF FORMO
rolf.formo@ta.no

KLAR: Øystein Eek er leder for foreningen Skougaards hus og det gamle orgelets som er tatt vare på viser at det har vært musikk i haven mer eller mindre i over 100 år, og nå blir det nytt liv der fem lørdag ettermiddager framover under navnet «Skougaards hus live».

Død sporv i kunst siloen

Samtidskunst og mangfold går hand i hand. Det kjem tydeleg fram på sommarutstillinga på Kunstlåven i Seljord. Med 16 norske samtidskunstnarar byr den 43. utgåva av Seljord kunstforenings sommarutstilling på utstoppa sporv i silo og gravid røykande dame i raud kjole. Utstillinga opnar 1. juli. Då kjem Helga Gravermoen frå Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design.

- I fjor var temaet gjenbruk, i år har me ikkje noko tema. Det er mangfold og breidde som pregar årets utstilling, seier Kåre Roksvåg, som er dagleg leiar i Seljord kunstforening.

ENORM INSTALLASJON

Ein kan sjå alt frå interaktive installasjonar til teikningar på utstillinga som held ope fram til 31. august. Seljord kunstforening held til i Kunstlåven som har over 1 000 kvadratmeter utstillingsareal over fire høgder. Utanfor Kunstlåven er kunstnarar no i gang med å setje opp ein skulpturinstallasjon som skal rage seks meter i lufta. Sommarutstillinga byr ikkje på kunstnarar frå Telemark.

DØD SPORV I SILO

- Vårt mest spesielle rom er siloen. Det er vanskeleg å finne nokon til å stille ut der, men Viel Bjerkeset Andersen takka ja med ein gong, seier Roksvåg.

Ho legg til at fordelene med siloen er at det



SPORVEDD: Viel Bjerkeset Andersen er kunstnar og har installert seg med død fugl og lyd i Kunstlåven i Seljord.

FOTO: ELSE BORTE

triggar kreativiteten til kunstnarane. Andersen har i alle fall ein kreativ installasjon der ein død sporv er i sentrum. Rundt er det høgtalarar som sender ut lyd.

- Alle er på ein måte ein sporvar. Om me

pumpar jorda full av gift, kjem me også til å dø, seier Andersen.

■■ ELSE BORTE
else.borte@ta.no



LØRDAG: «Skougaards hus live» er det nyaste berg. Mange Strand, Odd Busk, Høgne Skjold